



Norconsult AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1020 - 19/15020

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
15.05.2019

Løyve til etablering av VA-anlegg - vassleidning i sjø - gbnr 185/28 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr: 290/19

Tiltakshavar: Meland kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Saka gjeld

søknad om etablering av ny hovudvassleidning frå Isdal (Herlandstø) i Lindås til Litlebergen i Meland. Lindås kommune skal handsama søknad for den delen som ligg i Lindås kommune. Heile denne delen av leidningen vert lagt i sjø md tilkopling til eksisterande leidning på 3 meters djupne utanfor gbnr 185/28.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.03.2019 og supplert 08.09.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Resten av dokumentasjonen vart motteken 08.05.2019. Søknaden var komplett og klar for handsaming den 08.05.201,9 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne datoen.

Planstatus

Planføremålet i sjø er bruk og vern av sjø og vassdrag – fleirbruksområde NFFF og trålfelt. Sjøleidningen er i samsvar med føremålet , då kommuneplanen tillet infrastruktur lagt i sjø.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Markinarkeologiske registreringar (Meland kommune, sak 19/681)

Uttale frå Bergen sjøfartmuseum 27.03.2019

Vedr. Etablering av sjøledning - Litlaberget - Isdalstø - gnr 26 bnr 64 og 65 - gnr 1 bnr 90 - Meland – Resultat frå marinarkeologiske registreringar.

Vi viser til tidligare korrespondanse i saka. Museet varsla krav om marinarkeologiske undersøkingar i fråsegn dagsett 12.02. 2019.

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte 26.03. 2019 dei marinarkeologiske undersøkingane i tiltaksområdet.

Konklusjonen frå undersøkingane er at det ikkje vart gjort funn som omfattast av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, § 14.

Vi har elles ingen andre merknader til tiltaket. Grunna stor mengde feltarbeid vert rapport ettersendt.

Det er mogleg at det kan ligge kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Handsaming etter andre lovverk

Kystverket har godkjent sjøleidningen etter hamnelova.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Tilkopling til eksisterande anlegg berører ikkje naboeigedommar.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 27.03.2019.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Lindås kommune ved teknisk drift godkjenner løysinga i brev datert 19.10.2018.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn for godkjenninga.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av vassleidning i sjø, i samsvar med søknad motteken 27.03.2019, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 27.03.2019, med heimel i pbl. § 29-4.
2. Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergen sjøfartmuseum dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1020

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune - teknisk drift

Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA

Mottakarar:

Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA
---------------	--------------	------	----------